

# Pressemelding

14.04.2014

## Kokkekamp for Hordaland 22. april

Kåringa nærmar seg

- No gler eg meg til å smake kva finalistane vil servere som Historisk festmeny for Hordaland, seier jurymedlem og fylkesvaraordførar, Mona H. Hellesnes.

Finalistane som skal konkurrere i lokala til Norsk Sjømatsenter i Mathallen er: Elevar frå Sotra og Sandsli vidaregåande skular, Bergsdalstunet og Håheim gard.

- Vi vart inspirerte av samanhengen mellom jubileumsfeiringa, Bergen sin søknad om å bli kreativ gastronomiby og det pågåande arbeidet med ein matstrategi for Hordaland, fortel Hellesnes.

Juryen som skal dømme fire sett av treretters middagar er: Matattache Gunnar Nagell-Dahl, kokk på Norsk Sjømatsenter Anders Isager, kokk og innovatør Hanne Frosta, statsvitar og professor Frank Aarebrot og leiar for komiteen for Grunnlovsjubileet i Hordaland, Mona H. Hellesnes.

Juryen skal kåre den beste historiske festmenyen som blant anna vil verte servert på Festmiddag for Grunnlova 14. mai.

- Eg er glad for at skulane våre har vist stort engasjement for konkurransen, og i tillegg skal vi også kåre den beste menyen for skulane. Vinnarane vinn ein tur til Eidsvoll for å smake på 1814-menyen som vert servert der gjennom heile jubileumsåret, seier Mona Hellesnes.

Dei konkurrerande laga startar arbeidet med å førebu rettane sine tysdag føremiddag, og lokala opnar for gjester og presse frå klokka 12. Ynskjer du plass i amfiet på Norsk Sjømatsenter for å oppleve denne konkurransen, ta kontakt med koordinator for Grunnlovsjubileet i Hordaland, Laila Melkevoll.

[laila.melkevoll@hfk.no](mailto:laila.melkevoll@hfk.no) / mobil 930 34 668.

Meir informasjon om konkurransen og grunnlovsjubileumsfeiringa i fylket:

[www.hordaland.no/grunnlovsjubileet](http://www.hordaland.no/grunnlovsjubileet)

[www.facebook.com/grunnlovsjubileet2014hordaland](https://www.facebook.com/grunnlovsjubileet2014hordaland)

#festmeny #grunnlovsjubileet #grl1814